

## **Ei tragisk livssoge.**

Ein ung Målselv-gutt, Kristoffer Grøtli gjekk som elev på amtskolen i Sørreisa 1899. Han var ein evnerik ungdom. Og da han hadde gått eit heilt kurs på amtskolen før, var han framom dei andre elever i lærdom og kunnskaper. Det var berre i norsk(skriftlig og muntlig), det var to elever som kunne kappes med han, og det var brorson til klokkaeren i Sørreisa, Ragnvald Jørgensen, og ein gutt frå Tranøy.

Kristoffer Grøtli, var av en stillferdig natur. Om kveldane satt han inne og leste og auka sine kunnskaper. Han hadde beslutta seg til lærarskolen. Og det gjalt å førebu seg så godt som det lot seg gjere til denne skolen. Aaret etter gjekk han inn på lærerskolen i Tromsø og gjorde sine saker godt.

Men då han var ferdig på lærerskolen og hadde tatt sin eksamen, blei han sjuk av tuberkulose. Og han fikk aldri ta fatt den livsgjerning, kortil han hadde utdanna seg. Han vart lagt i grava i sin ungdoms beste år. Og faren satt igjen med en lånegjeld på 3 - 4000 kroner, den summen som var gått til Kristoffer sin lærerskolekostnad.

Det gjekk forkjert for den stakkars guten. Livslagnaden var hard og grumm, den kvite pesten kom han i møte før målet var nådd og stansa han i det samme han skulle kaste seg over sitt livskall og begynne å ause ut av den overflod av kunnskaper, som han hadde samla på amts og lærerskolen - ause det ut til dei born han skulle være lærer for. Og faren satt igjen med sorg og saknad — ein fattig mann med ein stor gjeld som var stifta til sonen sitt skoleopphald. Og det var som her ovenfor nemnt eit lån på tusender av kroner, som da sonen døydde fortidleg, var opptatt forgjeves — som han i mange år måtte betale avdrag og renter på, til ingen verdens nytte.

Sjå slik er til sine tider, tuberkulosen si mørke soge. Slik er med andre ord til sine tider den tragedie som blir spella av den hvite pest!

Derfor vær med å slå et slag i kampen mot tuberkulosa for om mulig å stanse eller slå tilbake den grumme folkefiende, som lurar på ein eller annen fager livvsblømande gut eller jente i di bygd eller korsomhelst i ditt fedreland.

**Johan O. Sørлие.**

**Senjens Blad 15.08. 1939.**